



Frankenstein Utleie AS  
Nattlandsveien 1  
5093 BERGEN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 21/110 - 21/2367

Sakshandsamar:  
Øyvind Tolleshaug  
oyvind.tolleshaug@fedje.kommune.no

Dato:  
27.04.2021

## Bygging av veg, vatn og kloakk til gnr. 168, bnr. 487.

**Administrativt vedtak. Saknr: 010/21**

**Saksutgreiing:**

**Byggeplass :** Gnr. 168, bnr. 356 i Husøyyna.

**Type arbeid :** Bygging av veg, vatn og kloakk fram til bnr. 487.

**Tiltakshavar :** Astrid Hisdal

**Ansvarleg søkjar :** Frankenstein Utleie AS v/Øystein Kjosås.

**Ansvarleg prosjekterande :** Frankenstein Utleie AS v/Øystein Kjosås.

**Ansvarleg utførande :** Frankenstein Utleie AS v/Øystein Kjosås.

**Om tiltaket :**

Søknaden gjeld rammeløyve og igangsettingsløyve for bygging av veg, vatn og kloakk fram til bnr. 487. Den planlagde vegen ligg på bnr. 356 som Fedje kommune eig.

**Kommuneplan / reguleringsplan :**

Mesteparten av eigedommen bnr. 487 ligg i byggeområde etter kommuneplanen. Vegen det er søkt om løyve til, ligg og i område som etter kommuneplanen er sett av til byggeområde.

**Nabovarsel :**

Det er ikkje levert nabovarsel.

I § 21-3, 2. ledd i plan- og bygningslova står det :

Kommunen kan frita søkeren fra å varsle naboer og gjenboere når deres interesser ikke eller i liten grad berøres av arbeidet.

Føresetnaden fritak er at naboane sine interesser ikkje eller i liten grad vert råka av arbeidet. I dette høvet kan eg ikkje sjå at tiltaket kjem i konflikt med naboane sine interesser. Næraste nobo er bnr. 506 som tiltakshavar eig halvparten av.

**Privatrettslege tilhøve :**

Vegen skal byggjast på areal som Fedje kommune eig (bnr. 356 ). Vegen fram til bnr. 506 ligg det føre avtale med Fedje kommune for. Søknaden gjeld forlenging av denne veggen. Det ligg ikkje føre avtale med Fedje kommune. Avtale må på plass før arbeidet startar.

**Ansvar :**

Føretaket Frankenstein Utleie AS har levert Erklæring om ansvarsrett.

**Vedtak**

I medhald av delegeringsreglement for Fedje kommune, sist revidert i k-sak 066/20 og plan- og bygningslova § 21-4 gjer teknisk sjef følgjande vedtak :

Frankenstein Utleie AS v/Øystein Kjosås får rammeløyve og igangsettingsløyve til å byggja veg, vatn og kloakk på gnr. 168, bnr. 356. Astrid Hisdal er tiltakshavar.

Frankenstein Utleie AS har levert erklæringar om ansvarsrett i samsvar med § 23-3 i plan- og bygningslova.

Alt arbeid vert godkjent som arbeid i tiltaksklasse 1.

Lovheimel : § 9-3 i byggesaksforskrifta.

Løvet har følgjande vilkår :

Det skal liggja føre avtale med Fedje kommune om bruk av grunn før arbeidet startar.

\*\*\*\*\* \*\*\*\*

Framlegg til avtale kjem i eiga sending.

Øyvind Tolleshaug  
Plan- og utbyggingssjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Astrid Hisdal Freimsvegen 51 5750 ODDA

**Mottakarar:**

Frankenstein Utleie AS Nattlandsveien 1 5093 BERGEN